

Årsmøte i Nedstrand Bygdeutval  
Nedstrand Bygdahus 9. April 2018 kl 19

## REFERAT

Åpning og godkjenning av innkalling og sakliste

Ingeborg Baustad ynskte dei 25 frammøtte velkommen, og forsamlinga godkjente innkalling.

Arne Myskja var vald til referent

Bjørn Haukeland og Helge Morten Askvig var valde til å skrive under referatet frå årsmøtet.

### Sak 1 Årsmelding og rekneskap

Ingeborg Baustad la fram årsmeldinga og inviterte til samtale om innhaldet. Desse momenta kom fram i samtalen:

- Det er viktig at det blir lagt til rette for å bu på Nedstrand, ikkje berre for turisme. Dette er aktuelt mellom anna i samband med nedstrand.info.
- Det er mange ledige tomter å marknadsføre.
- Det vart drøfta om kontingenten for organisasjonar kan setjast opp til 500 kroner. Det var ulike meiningar, og ein del uttrykte skepsis for at det vil verke inn på kor mange lag og organisasjonar som vil vere medlemmar. Oppstartsverksemdar kan også synes 500 kroner er mykje. Det vert opp til styre å vurdere det vidare.
- Hagelaget er positive til å stå for planing av blomster i fellesområder, men ynskjer støtte til innkjøp av plantar. Det vart foreslått å le kommune (kulturetaten) å betale for plantane.

Kasserar Olav Ubøe la fram rekneskapet. Det var drøfta litt at verksemda gjekk med underskot på 10.000 kroner sist år. Det vart også bemerkta at kommunen burde støtte bygdeutvalet med nok midlar til drift.

Vedtak: Årsmelding og rekneskap vart godkjende.

### Sak 2 Ferjesaka; status og vidare framdrift

Ingeborg Baustad orienterte om status. Ivar Andersen har saman med broren, Anders, introdusert eit alternativt forslag som har blitt presentert for samedselsadministrasjonen i fylket. Forslaget er basert på ein stjerne-struktur med meir bruk av direkte ruter i staden for dagensruter som er innom mange anløp i kjede. Saka skal opp i samferdselsnemnda, det er viktig at flest mogeleg blir med ordføraren og tek plass på tilhøyrar plass under behandlinga i utvalget.

Viktige kommentarar frå salen:

- Ruta i dag gir unike mogelegheiter til øyhopping i eit av norges varkraste øyriker, dette har det ikkje blitt gjort noko for å utnytte.
- Det blir lagt mykje vekt på borfallet av samband nord/sør, men den lange tradisjonen for samband aust/vest er kanskje like viktig. Gammal og viktig struktur i ryfylke står i fare for å bli borte.
- Vi ser at det er sterke krefter i Finnøy som argumenterer for meir kapasitet innanfor kommunen, og som del av nye stor-Stavanger får dei truleg drahjelp.
- Det blir snakka lite om effektiviteten til dagens ferjer, som er gamle og neppe optimale.
- Kan Haugesundsregionens næringsforening engasjerast?
- Bruk #ferjaskalleve og legg ut video med kort argumentasjon av kvifor ferja til Nedstrand må få halde fram minst på dagens nivå.

### Sak 3. Himakånå og bygdeutvikling; kva skjer

Det vart orientert om arbeidet med å etablere stiftelse. Bygdeutvalet har blitt bede om å vere valnemnd, utvalet ynskjer også å arbeide for å få inn bidragsytarar, men har venta på eit klart engasjement frå kommune. No har formannskapet innstilt på å bevilge 250' kroner, som delvis skal brukast til ordning for toalett og parkering.

Bygdeutvalet legg vekt på at den nye stiftelsen skal arbeide med utvikling av heile Nedstrand, sjølv om Himakånå vert spydspissen i arbeidet.

Element i drøftinga:

- Det vart etterlyst ein klarare visjon for stiftelse/utviklingselskap
- Det er viktig å ikkje fokusere på å få tak i pengar, men på visjonen og målsetjinga for arbeidet.
- Det er viktig å vise heile bygda
- Det vart etterlyst sykkel- og gangsti frå Skorpeleite til Hinderåvåg om trafikken skal auke meir.
- Det er viktig at ei lokal prosjektgruppe blir aktive som støtte til L. Grindheim som er engasjert av kommunen for å hjelpe arbeidet.
- Bygdeutvalget var i utgangspunktet bedne om å vere valkomite for styre i stiftinga, men har tatt eit større engasjement. Likevel meiner styre at arbeid med visjon og strategiplan ikkje naturleg ligge under mandatet og bør bli den nye stiftelsens første arbeid. Bygdeutvalet oppfattar at om det tek for stor rolle i dette, kan det fort bli uryddig.

### Sak 4 Områdereguleringsplan inkludert miljøgate på Stranda

Svein Inge Djursvoll orienterte om arbeidet som er sett i gang. Det vart halde idedugnad for miljøgata med godt frammøte. Det er lagt opp til folkemøte 15. Mai om reguleringsplanen.

- Spørsmål om parkeringsbehov og løysingar var berørt av fleire innlegg.

- Det er viktig å bevare særpreget på Stranda.
- Det er sentral målsetjing å få ned farten for å gjere det trygt for alle trafikantar.
- Det må legges til rette for fortsatt gjennomgangstrafikk/transport.

Medlemmane vart oppfordra til å engasjere seg og delta på folkemøtet.

#### Sak 5 Prioriteringar neste periode

Ingeborg Baustad presenterte bygdeutvalet sin plan for kva saker som skal arbeidast med. Fylgjande tilbakemeldingar kom fram i samtalen:

- Det er viktig med ei bevisst rollefordeling mellom bygdeutval og den nye stiftelsen.
- Det vart utfordra til å vere med å skape positive haldingar der vi heiar fram private initiativ.

#### Sak 6 Valg

Desse var ikkje på valg:

Olav Ubøe; styremedlem (1 år)

Inger Johanne Silgjerd Monstad; styremedlem (1år)

Valgkomiteen foreslo fylgjande kandidatar. Dei vart valde ved akklamasjon.

- Ingeborg Baustad; leiar (1 år)
- Svein Inge Djursvoll; styremedlem (2 år)
- Torbjørg Karina Nagel Topnes; styremedlem (2år)
- Tove Rullestad; varamedlem
- Janne Eide; varamedlem
- **Valgkomite:** Marit Kristin Rasmussen og Arne Jon Myskja
- **Revisor:** Kari Olene Silgjerd (1 år)

Det var ingen saker meldt til Eventuelt.

Nedstrand 23. April 2018

Arne Myskja  
referent

Underskriverar

Bjørn Haukland

  
Helge Morten Aksvig